

# Avtale

## Sykkelbyen Florø

### 1. Partane i avtalen

Partane i denne avtalen er Flora kommune(FK), Sogn og Fjordane fylkeskommune(SFFK) og Statens vegvesen Vegavdeling Sogn og Fjordane(SVV).

### 2. Bakgrunn

I Nasjonal Transportplan 2010-2019 var det framlegg om at alle fylke i perioden 2010-2013 skulle satse på å utvikle minst ein sykkelby. SVV skulle ta initiativ for å få til forpliktande samarbeid med fylkeskommunar og kommunar om konsentrert innsats for meir sykling i desse byane. Målet var å oppnå synlege resultat på sykkelbruken på kort sikt. I mai 2012 vart det etablert ein avtale for Førde.

I samband med fylkestinget si handsaming av Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014-2023 i FT-sak 46/13 vedtok Fylkestinget ein ambisjon om å inngå fleire sykkelbyavtalar i fylket. Fylkestinget bad administrasjonen gå i dialog med Eid, Flora og Statens vegvesen om dette. I sak 0036/14 gjorde Hovudutval for samferdsle vedtak om at det skulle arbeidast vidare med å etablera sykkelbyavtale for Flora kommune.

Dei tre partane i denne avtalen har tatt utgangspunkt i følgjande hovudplanar for sykkel:

1. Nasjonal transportplan 2014-2023 (NTP)
2. Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014 – 2023 (RTP)
3. Kommunedelplan for Florø sentrum – [www.sentrumsplan.no](http://www.sentrumsplan.no)

I vedlegg 1 er det lista opp fleire strategiar og planar.

### 3. Formålet med avtalen

Formålet med avtalen er å etablera felles grunnlag for partane sitt vidare arbeid med å utvikle Sykkelbyen Florø, mellom anna med :

- Slå fast fellesmål og forventningar til prosjektet
- Definere vesentlege oppgåver og tidsrammer
- Definere formålstenlege samarbeidsformer
- Sikre at partane deltek med ressursar og kompetanse

### 4. Mål

Partane arbeider mot mål som er omtala under.

Prosjektet sine hovudmål er å betre folkehelse gjennom auka sykkelbruk, mellom anna ved overføring av reiser frå bil til sykkel. Samtidig må tryggleiken for syklistar betrast slik at talet på sykkelulykker ikkje går opp.

I løpet av prosjektet skal partane medverke til:

- Utarbeide plan for samanhengande hovudnett for sykkel
- Utvikle og gjennomføre ulike haldningsskapande tiltak og kampanjar
- Ta initiativ til samarbeid med lokale aktørar, til dømes frivillige organisasjonar og næringslivsaktørar

## **5. Organisering**

### *Styringsgruppe*

Det vert etablert ei styringsgruppe, med ein representant frå kvar av partane, som får det overordna ansvaret for prosjektet. Styringsgruppa skal mellom anna:

- Godkjenne prosjektstyringsplan for sykkelbyen Florø
- Ha ansvar for prioriteringar innafor prosjektet si kostnadsramme
- Godkjenne rammer og føringar for delprosjekt

### *Prosjektgruppe*

For å sikra framdrift og gjennomføring og at flest mogeleg aktørar og samarbeidspartnarar bidreg målretta vert det etablert ei prosjektgruppe. Prosjektgruppa skal arbeida med følgande område:

- Utarbeide prosjektstyringsplan for sykkelbyen Florø. Prosjektstyringsplanen reviderast årleg.
- Få fram plan for samanhengande hovudnett for sykkel i Flora kommune, forankra i plan og bygningslova
- Initiere haldningsskapande tiltak og kampanjar
- Ta initiativ til naudsynt samarbeid for å gjennomføre oppgåvene over
- Informasjon

Prosjektgruppa er sett saman av ein representant frå kvar av partane samt prosjektleiar.

### *Prosjektleiar*

Partane er samde om at prosjektet skal ha ein prosjektleiar som leiar prosjektgruppa og er sekretær for styringsgruppa. Prosjektleiaren har ansvar for den daglege drifta/oppfølginga av prosjektet.

## **6. Avtaleperiode**

Avtaleperioden er frå 01.01.2015 til 31.12.2018.

## **7. Økonomi og ressursar**

### *Økonomi*

Kvar av partane bidreg årleg med kr. 150 000 til løn til prosjektleiar.

Følgande prosjekt er i gang:

- Fv 545 Thor Solbergsveg/Kinnvegen: SFFK nyttar 72 MNOK for å gjera tilhøva for gåande og syklande betre. Prosjektet er ferdig sommaren 2016.

- Fv 548 Brandsøyvegen: Sogn og Fjordane Energi (SFE) skal legge ny straumforsyning til Florø sentrum. På ein del av vegen må SFE utvide vegbreidda. Dette gjer det mogleg å gjera tilhøva får gåande og syklande betre. FK og SFFK støttar prosjektet med 13 MNOK kvar. Prosjektet er planlagt ferdig i desember 2015.

Nye prosjekt som kjem fram gjennom ein gang- og sykkelvegplan, må for fylkesvegar og riksvegar spelast inn til neste revisjon av RTP og NTP. Eventuelle løyvingar er avhengig av at prosjekta vert prioriterte der.

Avtalen er avhengig av årlege budsjettvedtak hjå partane.

#### *Ressursar*

Flora kommune stiller med prosjektleiar. Kommunen etablerer heimeside på internett for sykkelbyen Florø. Partane stiller opp med naudsynte fagfolk og ressursar for å gjennomføra prosjektet slik at måla vert nådd.

Florø,

Flora kommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Statens vegvesen  
Vegavdeling Sogn og Fjordane

.....

.....

.....

## Vedlegg 1: Andre strategiar/planar

1. Nasjonal sykkelstrategi 2010-2019?
2. Nasjonal tiltaksplan for trafiksikkerhet på veg 2014-2017
3. Forprosjekt for Markagata, ferdigstilling sommar 2015
4. Fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging 2014 – 2017
5. Fylkesdelplan for klima og miljø 2014 – 16, rullering av handlingsprogram
6. Planleggingsprogram for fylkesvegprosjekt i Sogn og Fjordane for perioden 2015-2017
7. Kommunedelplan Florelandet/Brandsøy 2006-2018
8. Plankart Florelandet Brandsøy
9. Områderegeringsplan ved Florø barneskule, under arbeid